Møre og Romsdal fylkeskommune

Folkehelsa

i Møre og Romsdal 2023

Innhaldsliste

Folkehelsa 1

Forord 3

Eit regionalt utfordringsbilete 5

Befolkningssamansetting 9

Hovudtrekk 10

Oppvekst- og levekår 11

Hovudtrekk 12

Livskvalitet 13

Hovudtrekk ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

Fysisk, biologisk og kjemisk miljø 15

Hovedtrekk ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

Skadar og ulykker 17

Hovudtrekk ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

Helserelatert åtferd 19

Hovudtrekk ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

Helsetilstand 21

Hovudtrekk ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

Forord

«Folkehelsa i Møre og Romsdal 2023» er eit skriftleg dokument som gir ei oversikt over helsetilstanden i fylket. Det er ein del av kunnskapsgrunnlag for planstrategien og gir ei oversikt over sentrale utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter knytt til dette. Dokumentet gir innsikt om kva for folkehelseutfordringar som er sentrale i fylket, det har faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar, og identifiserer ressursar ein kan møte desse utfordringane med.

Etter folkehelselova skal fylkeskommunen legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid, og bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar helse og jamnar ut sosiale helseskilnadar. Fylkeskommunen skal vere særleg merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige utfordringar og sosiale skilnadar i helse.

Berekraft som overordna mål

Berekraftig utvikling er eit viktig mål for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal både lokalt, nasjonalt og globalt. Berekraftig utvikling omhandlar grunnpilarane økonomiske forhold, sosiale forhold og miljøforhold. Desse tre må sjåast i samanheng og verte tilfredsstillande tatt vare på over heile verda for å sikre ei berekraftig utvikling.

Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeida ein eigen Fylkesplan for berekraftfylket med fire ulike mål med tilhøyrande langsiktige utviklingsmål:

- Mål for samarbeidsfylket
    - Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid
- Mål for miljøfylket
    - Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr.1
- Mål for inkluderings- og kompetansefylket:
    - Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der alle folk vel å bu
- Mål for verdiskapingsfylket
    - Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Eit effektiv folkehelsearbeid ei av føresetnadane for å nå desse måla. Gjennom å sikre befolkninga si helse og livskvalitet, og ei rettferdig fordeling av denne, vil vi kunne skape eit berekraftig samfunn. Folkehelsearbeidet er tett knytt til sosial berekraft gjennom å sikre alle menneskjer eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv.

Bilete: Ingvild Dverseth Sæter

Eit målretta og langsiktig folkehelsearbeid understøttar sosial berekraft. Både berekraftig utvikling og helsefremjing er globale normer som har blitt utforma og vidareutvikla på internasjonale konferansar og integrert i politiske mål og visjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Folkehelsearbeid krev tverrsektoriell tilnærming og alle berekraftsmåla er relevant for folkehelsa.

Viktige bidragsytarar

«Folkehelsa i Møre og Romsdal 2023» er ein viktig del av regionen sitt kunnskapsgrunnlag. Kulturavdelinga har hatt hovudansvaret for utarbeiding. Andre avdelingar i fylkeskommunen har bidratt med innspel. I arbeidet har det også vore med representantar frå Nav Møre og Romsdal, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Helse Møre og Romsdal, Høgskulen i Volda og kommunane ved ein folkehelsekoordinator.

Vi håpar at kunnskapsgrunnlaget «Folkehelsa i Møre og Romsdal 2023» vert godt brukt til å fremme kunnskapsbaserte tiltak innan folkehelse til beste for befolkninga i det vakre fylket vårt.

Heidi-Iren Wedlog Olsen
Kulturdirektør

Bilete: TINGH

Eit regionalt utfordringsbilete

Folkehelsa i Møre og Romsdal er generelt er god og levealderen er høg, men det er store sosioøkonomiske skilnadar i eksempelvis venta levealder, dei fleste sjukdomar, skadar, plagar og i levevanar og levekår. Denne ulikskapen er aukande og innsats for å redusere sosial ulikskap i helse er difor eit viktig innsatsområde. Dette føreset samansette løysingar og at det vert gjort vurderingar av fordelingskonsekvensar ved gjennomføring av alle tiltak. Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal frå 2021 syner at dei fleste i fylket har det godt, men at fylket skil seg frå andre fylker blant anna på områder knytt til timar stillesitting i kvardagen, å vere med gode vener kvar veke, kor fornøgd ein er med livet, om livet er meiningsfylt, positive følelsar siste sju dagar, om ein har støttande sosiale relasjonar og tilgang på kultur- og idrettstilbod.

Gjennom planarbeid skal det leggast til rette for god livskvalitet, gjennom å fremje gode oppvekst- og levekår, og meiningsfulle aktivitetar og fellesskap for innbyggarane. Livskvalitet er eit godt mål på korleis befolkninga eigentleg har det, og felles for mange av dei som opplev låg livskvalitet, er at dei står utanfor viktige samfunnsarenaar som til dømes arbeidslivet. Å fremje og auke livskvalitet er ein viktig faktor for å kunne betre folkehelsa og ein viktig føresetnad er arbeid på tvers. Regjeringa har forankra arbeidet med livskvalitet i den nye folkehelsemeldinga og lanserer sin livskvalitetsstrategi i 2024.

Bakgrunn for dette kunnskapsgrunnlaget er forankra i lovverket og folkehelsemelding, Meld. St. 15 – Folkehelsemeldinga: nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar. Dei nasjonale folkehelsemåla går ut på at Noreg skal vere blant dei tre landa i verda som har høgast levealder, befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel og redusere sosiale skilnadar i helse og vi skal skape eit samfunn som fremjar god helse for alle.

Befolkningsveksten i Møre og Romsdal er framleis låg og vi vert fleire eldre enn yngre. I 2022 var fruktbarheitstalet historisk lågt og det er store sosiale skilnadar i venta levealder. Meir om dette kan ein lese i kapittel 1 om befolkningssamansetting.

Born og ungdom trivst stort sett i barnehagen og skolen, det er god pedagogisk dekning, men det er framleis ein del som opplev mobbing. Det er fleire born i familiar med låginntekt og det har vore ei auke i det legemeldte sjukefråværet dei siste åra. Dette og anna knytt til oppvekst- og levekår kan lesast om i kapittel 2.

Livskvalitet verkar inn på folkehelsa, og i fylket ser ein tydelege samanhengar mellom livskvalitet og sosiale skilnadar i helse. Delen av befolkninga med låg utdanning har lågare tilfredsheit til livet, samtidig skårar dei lågare på fleire parameter knytt til livskvalitet. Dette er presentert i kapittel 3 om livskvalitet.

Dei fleste har eit godt tilbod knytt til idrett, kultur og friluftsliv i fylket, men mindre enn halvparten er nøgd med tilgangen til gang- og sykkelveg der dei bur. Luftforureining er redusert og støynivået er størst i byane som ligg nært flyplassar. Meir om fysisk, biologisk og kjemisk miljø vert presentert i kapittel 4.

Dei fleste bilulykkene i fylket skjer på fylkesveg, og Møre og Romsdal har høgast del hardt skadde og drepne i trafikken sidan 2010. Arbeidsrelatert sjukdom har auka siste åra, to personar omkom i arbeidsskadeulykker og seks omkom i drukningsulykker 2022. I kapittel 5 kan ein lese meir om skadar og ulykker i fylket.

Ein kan sjå sosiale skilnadar knytt til utdanning og fysisk aktivitet, kosthald, søvnplagar, røyk og snus. Når det gjeld timar ein sitt i ro og om ein drikk alkohol to gongar i veka eller meir er det motsett. Meir knytt til helserelatert åtferd vert presentert i kapittel 6.

Ein av ti har helseproblem som påverkar kvardagen i stor grad. Dei fleste vaksne har god tannhelse, medan hol i tennene hos barn og unge er aukande. Kvar fjerde i fylket har muskel- og skjelettplager, menn tek oftast sjølvmord, kreft er den største årsaka til død i befolkninga og det har vore ei stor auke i bruk av legemiddel knytt til diabetes type-2 siste ti åra. I kapittel 7 kan ein lese meir om dette og anna knytt til helsetilstanden i fylket.

Med bakgrunn i utviklingstrekk og analyser over helsetilstanden i befolkninga i Møre og Romsdal, er dei sentrale identifiserte folkehelseutfordringane sosial ulikskap i helse, utanforskap og psykisk helse. Klarar vi å imøtekome desse utfordringane vil det sosioøkonomiske gapet minke og livskvaliteten auke.

Sosialulikskap i helse

Sosial ulikskap i helse omhandlar korleis helsa fordelar seg i befolkninga. Det er knytt til dei sosioøkonomiske strukturane i samfunnet som inntekt, utdanning og yrke. Sosiale skilnadar i helse utfordrar den sosiale berekrafta ved at befolkninga får ulike moglegheiter og føresetnadar for eit godt liv. God utdanning, trygg jobb og stabil inntekt er nokre av dei viktigaste faktorane for å utjamne sosiale helseskilnadar.

Venta levealder er 5,5 år høgare for dei med høgskole eller universitetsutdanning, enn dei med berre grunnskole. Det er gjennomgåande sosiale helseskilnadar knytt til nærast alle sjukdommar, plagar eller skadar hos befolkninga i Møre og Romsdal. Likeins ser ein også i levevanar og andre faktorar som verkar inn på helsetilstanden. Sosial ulikskap i helse førar med seg fleire tapte leveår med god helse og livskvalitet. Det er også knytt til låg utdanning og å falle utanfor skole og arbeid.

Systematisk folkehelsearbeid er ein viktig føresetnad for å nå måla om mindre sosial ulikskap i helse. For å lykkast med å jamne ut sosial ulikskap er det viktig å fokusere på kva som er samfunnsøkonomisk berekraftig og som førar til at fleire tek utdanning og klarar å stå i arbeid. Innsatsen bør rettast mot strukturelle tiltak der sosiale helseforskjellar skapast, med universelle ordningar som gjer at tenester og ytingar når alle.

Utanforskap

Utanforskap omhandlar det å vere utanfor skolegang, utdanning, yrkesliv, ikkje å delta i aktivitetar eller å ikkje delta i det sosiale fellesskapet generelt. Ein ser tydeleg at utanforskap verkar direkte inn på livskvaliteten og den psykiske helsa. Psykiske helseplagar kan også verke inn på graden av deltaking. Det er samanheng mellom sosial ulikskap i helse og utanforskap, men det er ikkje gjeldande for alle område. Ein kan ha god utdanning, økonomi og levekår, men oppleve å vere utanfor det sosiale fellesskapet. Det er difor sentralt å skilje mellom kva forhold som førar til utanforskap og i kva område ein opplev utanforskap. Dårlege oppvekst- og levekår aukar risikoen for utanforskap seinare i livet, ved at det kan føre til utfordringar knytt til å fullføre skolegang og utdanning, å få ein trygg jobb

med stabil inntekt og miste moglegheita til å kunne delta i aktivitetar og i det sosiale fellesskapet.

I Møre og Romsdal er det auke i åleinebuande over 45 år, fleire born og unge opplev mobbing og einsemd, ein stor del vaksne er utanfor arbeidslivet og ein ser ei auke blant unge vaksne som er utanfor både skole og arbeid. Knytt til utanforskap peikar både «Berekraftkartlegginga for Møre og Romsdal» og prosjektet «Nullvisjon for utanforskap» i MR2025 på sosial inkludering og fattigdom som utfordringar i fylket, og det samsvarar med det regionale utfordringsbildet som vert løfta fram i denne rapporten. For å førebygge utanforskap vil det vere viktig å styrke sosiale relasjonar og sosiale fellesskap på tvers av generasjonar, kulturar og religionar.

Psykisk helse

Psykiske plagar, inkludert ruslidingar, er den største orsaka til redusert helse blant born, unge og vaksne i arbeidsfør alder. Dei mest utbreidde plagene er angst, depresjon og lidingar knytt til rusbruk. Blant barn og unge har det vore ei gradvis auke i psykiske plagar dei siste åra, og spesielt høgt er det blant jentene. Det er uvisst kva dette skyldast, men det er nærliggande å tru at psykiske plagar ofte oppstår i samspel mellom miljømessige og genetiske risikofaktorar. Nokre av dei sentrale risikofaktorane er vald, overgrep, mobbing og vedvarande psykososiale belastningar. Psykiske plagar i borne- og ungdomsåra aukar risikoen for mobbing, fråfall frå utdanning og arbeidsliv, mangel på sosial støtte, rusmisbruk og mangel på deltaking, tilhøyrsle og meistring.

Opptrappingsplanen for born og unge si psykiske helse frå 2019, Proposisjon 121 S (2018-2019), syner at regjeringa vil arbeide for at fleire skal oppleve god psykisk helse og god livskvalitet, og at dei som treng det skal få eit behandlingstilbod. Dette vert følgt opp i folkehelsemeldinga Meld. St. 15 (2022-2023) om ABC for god psykisk helse og at einsemd løftast som ei folkehelseutfordring.

Møre og Romsdal fylkeskommune er med i Program for folkehelsearbeid i kommunane med satsinga «Frå utanforskap til innanforskap med program for folkehelsearbeid i Møre og Romsdal 2019-2024», ei satsing for å fremme born og unge si psykiske helse og livskvalitet. Satsinga skal bidra til at born og unge skal oppleve innanforskap gjennom å vere ein del av eit fellesskap, ha positive relasjonar til vaksne, jamgamle og yngre. Gjennom dette vert risikoen for rusproblematikk redusert og ein fremmer god psykisk helse for born og unge. Seks kommunar i fylket er med i programmet.

Bilete: TINGH/ *Erik Birkeland*

Befolkningssamansetting

Med befolkningssamansetting meiner ein grunnlagsdata om befolkninga som kan omfatte tal innbyggarar, alders- og kjønnsfordeling, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster og fylket sitt utfordringsbilete.

Kapittelet om befolkningssamansetting er viktig for fleire av FN sine 17 berekraftsmål og då spesielt mål 3: god helse og livskvalitet, mål 4: god utdanning, mål 8: anstendig arbeid og økonomisk vekst, mål 10: mindre ulikskap og mål 11: berekraftige byar og lokalsamfunn.

Hovudtrekk

Det er framleis låg befolkningsvekst, men i 2022 fekk vi ei stor auke grunna auka innvandring. Det vert fleire eldre enn yngre i Møre og Romsdal, noko som er likt i landet elles. Ved inngangen til 2023 var 18,3 prosent av befolkninga i fylket over 67 år eller eldre.

Det er underskot på kvinner i fylket og overskotet av gutar ser ein allereie i aldersgruppa 0-5 år. I aldersgruppa 80 år og eldre er det flest kvinner.

Kvar fjerde vaksne over 45 år bur åleine og er ei potensielt utsett gruppe både økonomisk og sosialt. I 2022 budde 4834 born med berre mor eller far.

Sosiale skilnadar i venta levealder er aukande i fylket og skilnaden i venta levealder mellom dei med lågaste til høgaste utdanning er i dag på 5,5 år, mot 3,7 år på 90-talet.

Befolkninga

268 365

Innbyggarar

Ved inngangen til 2023 var folketalet i Møre og Romsdal 268365 personar. Det var ein vekst i folketalet på 2517 personar frå 2022 til 2023.

13,6 %

I 2022 utgjer innvandrarar 13,6 prosent av befolkninga i Møre og Romsdal. For landet elles er prosenten 18,9.

Forventa levealder

For kvinner født i 2022 er venta levealder i Noreg 84,3 år. Tilsvarande er venta levealder for menn 80,9 år. Det er ikkje tilgjengeleg tal på regionalt nivå.

1,51

Barn per kvinne

Fruktbarheit

Fruktbarheitstalet i Møre og Romsdal var i 2022 på 1,51 barn per kvinne. Samla for heile landet var fruktbarheitstalet i 2022 på 1,41.

Vi vert fleire eldre i fylket

Talet på eldre i Møre og Romsdal har stige mykje dei siste år, og vil halde fram med det. I 2023 er det 13 892 personar over 80 år i fylket. Talet er forventa å auke med heile 83,2 % dei neste 15 år, til 25 028 personar over 80 år i 2037. Til samanlikning er befolkninga under 80 år forventa å gå ned med 1,5 % i perioden.

Fleire enkeltkommunar i Møre og Romsdal forventar befolkningsvekst på over 100 % blant dei over 80 år dei neste 15 årane.



Bilete: TINGH/ *Erik Birkeland*

Oppvekst- og levekår

Oppvekst og levekår er viktige premiss for helse og livskvalitet. Dette er bakanforliggande forhold som påverkar helsetilstanden og eit sentralt område kor ein kan forebygge sosial ulikskap i helse. Det er viktig med eit godt samspel mellom individuelle faktorar og ressursar, og moglegheiter ein har til å realisere desse.

Kapittelet tek for seg fleire FN sine 17 berekraftsmål: mål 1: utrydde fattigdom, mål 2: utrydde svolt, mål 3: god helse og livskvalitet, mål 4: god utdanning, mål 8: anstendig arbeid og økonomisk vekst, mål 10: mindre ulikskap og mål 11: berekraftige byar og lokalsamfunn.

Hovudtrekk

Det er godt fysisk og sosialt miljø i dei vidaregåande skulane i fylket og det er mindre fråfall i Møre og Romsdal, enn i landet.

Vi skil oss lite frå landet elles knytt til meistringsnivået i rekning og lesing på 5.trinn og 8.trinn.

Møre og Romsdal har eit kjønnsdelt arbeidsliv der flest menn arbeider innan industriyrker og flest kvinner arbeider i helse- og omsorgsyrke. Det er fleire kvinnelege lærarar og flest menn i primærnæringane. Flest kvinner tek høgare utdanning, 2-4 år, men det er nokso jamn andel blant kvinner og menn med lang høgare utdanning, 4 år eller meir.

Fylket ligg i midtsjiktet samanlikna med andre fylke knytt til delen uføre i befolkninga. Fordelt på kjønn ligg vi høgare enn landssnittet for kvinner og under landsnittet for menn.



Bilete: Terje Aamodt

Livskvalitet

Livskvalitet omhandlar både objektive faktorar som økonomi, deltaking i samfunnet og buføresetnadar, og subjektive faktorar som meining, glede, meistring, engasjement og livstilfredsheit. God livskvalitet fremjar helse, sunnare levevanar og styrker motstandskrafta i møte med belastning.

Kapittelet tek for seg fleire berekraftsmål: mål 1 om utrydde fattigdom, mål 3: god helse og livskvalitet, mål 8: anstendig arbeid og økonomisk vekst, mål 9: industri, innovasjon og infrastruktur, mål 10: mindre ulikskap og mål 11: berekraftige byar og lokalsamfunn.

Hovudtrekk

Befolkninga i Møre og Romsdal har stort sett god livskvalitet, men det er klar samanheng mellom sosioøkonomisk status og livskvalitet.

Møre og Romsdal fylke skil seg lite frå dei andre fylka knytt til livskvalitet, psykiske plager og einsemd.

Møre og Romsdal har eit variert kultur- og fritidstilbod, bibliotektilbod i kvar kommune og ein sterk frivillig sektor.

Det er eit godt sosialt læringsmiljø i vidaregåande skole i fylket og dei fleste elevane trivst. Når det gjeld fysisk læringsmiljø ligg fylket litt lågare enn snittet for landet.

Ungdom fell frå organiserte idretts- og fritidsaktivitetar kring vidaregåande alder, og ein god del går over til eigenorganisert aktivitet som å trene på treningsstudio.



Bilete: TINGH/ *Erik Birkeland*

Fysisk, biologisk og kjemisk miljø

Ei rekke miljøforhold har stor påverknad på helse, trivsel og livskvalitet. Miljøet fremma god helse og kan beskytte oss mot sjukdom. Det kan òg utgjere ein risiko, i større eller mindre grad, og difor er fleire forhold bunden til lovverk for å redusere risiko knytt til miljøutfordringar.

Kapittelet tek for seg fleire berekraftsmål: mål 1: utrydde fattigdom, mål 3: god helse og livskvalitet, mål 4: god utdanning, mål 6: reint vatn og gode sanitærforhold, mål 10: mindre ulikskap, mål 11: berekraftige byar og lokalsamfunn og mål 13: å stoppe klimaendringane.

Hovudtrekk

Møre og Romsdal er kjelde til mange gode opplevingar og aktivitetar. Det er god tilgang på nærturar, sjølv om desse ikkje er skilta, og siste åra har det kome mange gode og velutstyrte idrettsanlegg med aktivitetar for ein kvar smak og alder.

Fylket har eit stort betringspotensiale når det gjeld gang- og sykkelvegar, for å sikre enda betre luft i fylket og skape auka moglegheit for aktiv transport i kvardagen.

Sjølv om drikkevatnet er godt i fylket, ser ein at leidningsnettet er gammalt og vi ligg dårlegare enn landet. Ein må sikre god beredskap og reservar for framtidas utfordringar knytt til forureining og overflatevatn.



Bilete: TINGH

Skadar og ulykker

Skadar og ulykker har store ringverknadar for folkehelsa og kan føre til redusert livskvalitet, fleire utfordringar og økte samfunnsøkonomiske kostnader. Moglegheitene for førebygging er gode og effektar av tiltak kan kome raskt.

Dette kapittelet heng saman med berekraftsmåla 3 om god helse og livskvalitet, 10 om mindre ulikskap og 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn.

Hovudtrekk

Færre trafikkulykker i fylket, frå 2005 til 2021 har det vore ein nedgang på 402 ulykker per år. Møre og Romsdal er det fylket med flest hardt skadde og drepne i perioden 2010-2021.

Færre skadar behandla i sjukehus i Møre og Romsdal, enn i landet.

Fleire meldingar om arbeidsrelatert sjukdom i 2021, enn i 2020 og 2019.

42 meldte avvik og ei svært alvorlig hending knytt i til elevar på vidaregåande skole i 2021.

Ei lita auke i valdshendingar hos ungdom og ungdom som har blitt truga med våpen.

Bilete: Terje Aamodt

Helserelatert åtferd

Helserelatert åtferd omhandlar faktorar som har innverknad helsa. Desse faktorane bidreg både til å fremme og hemme god livskvalitet. God helsefremming startar med auka kvardagsaktivitet, eit variert og næringsrikt kosthald og lite forbruk av tobakk- og alkoholvarar.

Dette kapittelet heng saman med berekraftsmåla 2 om utrydde svolt, 3 om god helse og livskvalitet, 4 om god utdanning, 10 om mindre ulikskap og 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn.

Hovudtrekk

Kvar fjerde innbyggar i Møre og Romsdal er aktiv i minst 30 min. fire dagar i veka eller meir.

Klar skilnad mellom utdanning og dagleg bruk av snus, og det er flest menn som snusar.

Aldersgruppa 18-29 er mest aktiv. Meir enn 8 av 10 born og unge har høgt aktivitetsnivå.

Det var ei markant auke i sal av energidrikke og brus i 2022. I løpet av 2023 vil det komme nye kostråd som blant anna tek føre seg dette.

Ein liten reduksjon i delen som har overvekt eller fedme ved sesjon, men førekomsten er framleis høg.



Bilete: TINGH/ *Erik Birkeland*

Helsetilstand

Kunnskap om helseutfordringar i befolkninga er avgjerande for å peike ut retninga for tiltak innan folkehelsearbeidet og presentere befolkninga sin helsetilstand.

Dette kapittelet heng saman med berekraftsmåla 3 om god helse og livskvalitet, 4 om god utdanning, 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst, 10 om mindre ulikskap og 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn.

Det er sannsynleg at COVID-19 pandemien vil påverke trendane i fleire av indikatorane i dette kapittelet. Den samfunnsmessige sårbarheita var tydeleggjort og ein ser kva dette betyr for helsetilstanden og sjukdomsbyrda, då risiko for alvorleg sjukdom frå infeksjonssjukdom er særleg knytt til underliggande sjukdomstilstandar som kreft, hjarte- og kar og lungesjukdom.

Hovudtrekk

Om lag 11 prosent rapporterer om helseproblem som i stor grad påverkar kvardagen. Fleire kvinner enn menn opplever dette. Det same gjeld for nakke- og korsryggsmerter.

Sjølvopplevd helsetilstand aukar med utdanning, men det er flest som rapporterer om god til svært god helse. Det er en samanheng mellom utdanning, sjølvopplevd helse og kroppslege smerter.

Tre av fire vaksne har god tannhelse. Blant born og unge aukar delen med hol i tennene med alderen.

Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no